

### **Vedlegg 3. Tabellforklaring: Grunnlagsdata for utrekning av ferjekriteriet**

Excel-arket inneheld ein tabell med grunnlagsdata til utrekning av kriteriet *normerte ferjekostnader* i inntektssystemet for fylkeskommunane. Tabellen omfattar både trafikktal som blir brukt til å rekne ut normerte kostnader og estimerte billettinntekter, og nokre faste opplysningar om sambanda (først og fremst sambandslengde og fartsområde).

#### **Bestilling til fylkeskommunane**

Data om trafikk i 2022 er levert av Statens vegvesen til Kommunal- og distriktsdepartementet, men det manglar opplysningar om ein del samband. For somme samband er grunnen at dei ikkje leverer data til Ferjedatabanken, for andre samband er grunnen at dei har ei anna inndeling i Ferjedatabanken enn i inntektssystemet.

Vi ber fylkeskommunane om å kontrollere opplysningane i tabellen, og om å legge inn tal for dei sambanda det manglar informasjon om i tabellen. Sambanda det manglar trafikktal for er:

- Hvalerfergen (Østfold)
- Tangen – Horn (Innlandet)
- Kragerø – Skåtøy - Stabbestad (Telemark)
- Brevik – Sandøya (Telemark)
- Finnøyferjen (Rogaland)
- Ryfylkeferjen (Rogaland)
- Askvoll – Gjervik (Vestland)
- Askvoll – Fure – Værlandet (Vestland)
- Florabassenget – Nord (Vestland)
- Florabassenget – Vest (Vestland)
- Florabassenget – Sør (Vestland)
- Brattvåg – Dryna (Møre og Romsdal)
- Solfjellsjøen – Vandve (Nordland)
- Brønnøysund – Stortorgnes (Nordland)
- Dypfest – Tarva (Trøndelag)
- Garten – Storfosna (Trøndelag)
- Storfosna – Leksa – Værnes (Trøndelag)
- Sula – Mausund – Dyrøy (Trøndelag)
- Levanger – Hokstad (Trøndelag)
- Eidshaug – Gjerdinga (Trøndelag)

#### **Datakjelder**

Trafikktal i kolonne 5–7 og 16–52 gjeld for trafikken i løpet av 2022. Data er henta frå Statens vegvesens Ferjedatabank ([ferjedatabanken.no](http://ferjedatabanken.no)), og blei lasta ned i veke 24, 2023.

Opplysningane om sambandslengde (kolonne 9 og 10) blei fastsett i samband med høyringa av det dåverande Kommunal- og moderniseringsdepartementets forslag til prinsipp for utrekning av sambandslengde og sambandsinndeling i inntektssystemet, jf. brev frå departementet av 21. mars 2018 (vår ref. 17/3067-29). Departementet skreiv den gongen at den fastsette sambandslengda vil ligge fast og ikkje justerast årleg. Det kan likevel vurderast endringar ved større omleggingar av rutene.

### **Krav til ferjesamband i kriteriedata**

Ferjekriteriet omfattar fylkeskommunale ferjesamband og bilførande båtruter som er i heilårsdrift og som har ein årsdøgntrafikk på 10 personbileiningar eller meir. Kriteriet omfattar ikkje kommunale og private samband som blir delvis finansiert med fylkeskommunale tilskot (jf. Prop. 1 S (2017–2018)).

Eit ferjesamband er definert som éin eller fleire ferjestrekningar som til saman utgjer eit samanhengande ruteområde for eitt eller fleire fartøy. Dersom eit fartøy har det alt vesentlege av trafikken i eit ruteområde, men ein sjeldan gong tar enkeltturar på eit naboruteområde trafikkert av andre fartøy, blir dette rekna som to samband (jf. høyringsnotatet *Forslag til nytt inntektssystem for fylkeskommunene* (2019),<sup>1</sup> s. 65.)

### **Deling av ferjesamband**

Enkelte ferjesamband har ei anna sambandsinndeling i Ferjedatabanken enn i kriteriedata, og for desse sambanda skal det reknast ut trafikktal basert på grunnlagstal på strekningsnivå.<sup>2</sup>

### **Endringar i lista over ferjesamband**

Lista over ferjesamband er den same som er brukt til å berekne kriteriet *normerte ferjekostnader* i inntektssystemet for 2023, med følgjande endringar:

- Ferjesambandet Botnhamn–Brensholmen (Troms) er tatt med i lista, sidan ferjesambandet frå og med 2022 er i heilårsdrift.

Oppdaterte opplysningar om mellom anna trafikken på dei ulike sambanda kan føre til ytterlegare endringar i lista over ferjesamband i kriteriedata. Det kan til dømes skje viss trafikken på eit samband har endra seg slik at eit samband kjem over eller under grensa for å reknast med i ferjekriteriet.

Vi ber fylkeskommunane om tilbakemelding dersom det er andre endringar som kan vere aktuelle, ut frå krava til ferjesamband i kriteriedata (sjå over).

### **Forklaring til kolonnane:**

#### **Kol. 1 Sambandsnummer**

Eit id-nummer per samband fastsett av Kommunal- og distriktsdepartementet

#### **Kol. 2 Namn på ferjesamband**

#### **Kol. 3–4 Fylkesnummer og fylke**

Namn og nummer på fylkeskommunen med ansvar for ferjesambandet, og som kriterieverdien vil bli lagt til. Fylkesinndeling per 1. januar 2024.

---

<sup>1</sup> Høyringsnotat frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet. [www.regjeringen.no/id2622524](http://www.regjeringen.no/id2622524)

<sup>2</sup> Florabassenget (Vestland) og Askvoll-Gjervik-Fure-Værlandet (Vestland). Disse sambanda blir rekna som eitt samband i ferjedatabanken, men som to eller tre samband i inntektssystemet.

### **Kol. 5–7 Personbileiningar (PBE) per samband**

PBE er eit mål som seier noko om kor stor plass og kor stor belastning det enkelte køyretøy utgjer for ferja. Ved utrekning av omrekningsfaktoren for PBE har ein tatt omsyn til forhold som lengde, breidde og vekt på dei ulike køyretøy-/takstgruppene. Tala gjeld for 2022.

- Kol. 5 viser sum PBE i alt
- Kol. 6 viser sum PBE for nullutsleppskøyretøy
- Kol. 7 viser sum PBE for køyretøy med 40 % eller 50 % rabatt (køyretøy med 10% rabatt skal ikkje reknast med her)

Kilde: Ferjedatabanken

### **Kol. 8 Maksimalt tal på ferjekaier med anløp per avgang**

Maksimalt tal ferjekaier med anløp på ein ferjeavgang.

Kjelde: Utarbeidd av Kommunal- og distriktsdepartementet med utgangspunkt i rutetabellar

### **Kol. 9 Rundturlengde til kostnadsutrekning**

Rundturlengde for sambandet til bruk i utrekning av ferjekriteriet, jf. vedlegg 3 i høyringsnotatet om nytt inntektssystem for fylkeskommunane (januar 2019).

Kjelde: Kvalitetssikring av sambandslengde, jf. brev frå departementet av 21. mars 2018

### **Kol. 10 Rundturlengde til plassering i standardklasse**

Rundturlengde for sambandet til plassering i standardklasse ved utrekning av ferjekriteriet, jf. vedlegg 3 i høyringsnotatet om nytt inntektssystem for fylkeskommunane (januar 2019).

Kjelde: Kvalitetssikring av sambandslengde, jf. brev frå departementet av 21. mars 2018

### **Kol. 11 Fartsområde**

Fartsområde jf. forskrift om fartsområde. I forskrifta er det fem fartsområde:

1. «Fart på helt innelukket farvann
2. Fart på beskyttet farvann
3. Innaskjærs fart hvor åpne havstrekninger på over 5 nautiske mil ikke passeres
4. Innaskjærs fart hvor åpne havstrekninger på over 25 nautiske mil ikke passeres
5. Liten kystfart»

Kjelde for opplysningar per samband: Møreforsking Molde og fylkeskommunane

### **Kol. 12 Fylkeskommunens prosentdel av netto driftskostnader**

I tilfelle der finansieringsansvaret er delt mellom fleire fylkeskommunar eller mellom fylkeskommunen og ein kommune: Kor stor del av netto driftskostnadene, ut over det som blir dekt av billettinntekter, dekker fylkeskommunen som er oppført i kolonne 3 og 4?

### **Kol. 13 Heilårsdrift i 2022?**

Var ferjesambandet i heilårsdrift i 2022?

**Kol. 14–15 Gratis ferje?**

- Kol. 14: Er sambandet – heile eller delar av det – omfatta av ordninga med gratis ferjer, jf. forslaget til Samferdselsdepartementet i Prop. 115 S (2021–2022) og Prop. 1 S (2022–2023)?
- Kol. 15: Viss ordninga med gratis ferjer berre gjeld for delar av eit ferjesamband: kor stor del av trafikken på sambandet som er omfatta av ordninga?

Opplysningane i kol. 14 og 15 gjeld samband som etter Samferdselsdepartementets vurdering oppfyller vilkåra for å vere med i ordninga for gratis ferjer, uavhengig av om ferjesambandet faktisk er gratis for dei reisande.

**Kol. 16–52 Tal på Køyretøy og passasjerar i ulike takstgrupper**

Talane er summen i ulike takstgrupper i løpet av 2022.

***Merk at nullutsleppsøyretøy er skilt ut i eiga kolonne, og skal ikkje inngå i trafikktala for takstgruppe AP1–AP9, B2–B10 eller AP1FR–AP3FR.***

Tala skal rapporterast i skjemaet etter det takstregulativet som blei brukt på sambandet i 2022.

- Kol. 16–28: Tal for trafikk etter Autopassregulativet
- Kol. 30–43: Tal for trafikk etter Riksregulativet
- Kol. 45–51: Tal for trafikk etter eige regulativ (Flakk–Rørvik)

**Kol. 29, 44 og 52 Er bilførerar inkludert i passasjertala?**

Kolonnen gir opplysning om bilførerar er inkludert i passasjertala i kolonne 25. Kilde: Ferjedatabanken